



## STORTINGET

# Innst. 361 S

(2025–2026)

Innstilling til Stortinget  
frå utanriks- og forsvarskomiteen

Prop. 89 S (2025–2026)

**Innstilling frå utanriks- og forsvarskomiteen om Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina**

Til Stortinget

## Samandrag

Proposisjonen gjeld forslag om at Stortinget samtykkjer til (i) ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og (ii) norsk tilslutning til ein utvida delavtale i Europarådet som inneber deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina. Bakgrunnen er Russlands aggresjon mot Ukraina, som inneber alvorlege brot på folkeretten og den internasjonale humanitærretten, med store menneskelege og materielle øydeleggingar og betydelege økonomiske tap.

Konvensjonen etablerer ein sjølvstendig kravskommisjon innanfor Europarådets rammeverk som skal behandle og avgjere erstatningskrav frå ukrainske fysiske og juridiske personar, inkludert den ukrainske staten, for tap og skade som har oppstått frå og med 24. februar 2022. Kommisjonen skal leggje til grunn Russlands ansvar og fastsetje erstatning i den einskilde saka, med reglar om organisering, saksbehandling, openheit, personvern og finansiering. Delavtalen knytt til spesialtribunalet legg til rette for norsk deltaking i styringskomiteen som skal ha ansvar for administrasjon og finansiering av tribunalet, som skal straffefølgje aggresjonsbrottsver-

ket mot Ukraina. Dei økonomiske konsekvensane er estimerte til om lag 2 mill. kroner årleg for kravskommisjonen i full drift og er førebels anslått til om lag 4 mill. kroner i «fase 0» og 9–10 mill. kroner årleg i «fase 1» for tribunalet. Utgiftene er planlagde dekte innanfor den sivile delen av Nansen-programmet fram til 2030. Utanriksdepartementet tilrår at Stortinget gir samtykke til ratifikasjon av konvensjonen og tilslutning til den utvida delavtalen, jf. Grunnlova § 26 andre ledd.

Det er ikkje gjennomført høyring i saka, og ho medfører ikkje behov for endringar i norsk lov.

Dokumenta i saka er tilgjengelege på sakssida på [stortinget.no](http://stortinget.no).

## Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Rune Bakervik, Tonje Brenna, Nils-Ole Foshaug, Monica Nielsen og Trine Lise Sundnes, frå Framstegspartiet, Himanshu Gulati, Morten Kolbjørnsen og Sylvi Listhaug, frå Høgre, leiaren Peter Frølich, Erna Solberg og Ine Eriksen Søreide, frå Sosialistisk Venstreparti, Kirsti Bergstø, frå Senterpartiet, Trygve Slagsvold Vedum, frå Raudt, Bjørnar Moxnes, frå Miljøpartiet Dei Grøne, Arild Hermstad, frå Kristeleg Folkeparti, Jonas Andersen Sayed, og frå Venstre, Abid Raja, merkar seg at regjeringa fremjar denne proposisjonen med forslag om at Stortinget samtykkjer i ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og til inngåing av ein utvida delavtale som blir lagd fram for vedtak i Europarådet, og som inneber

deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina.

Komiteen er merksam på at Generalforsamlinga i FN i fleire resolusjonar har slått fast at Russland må heldast ansvarleg for desse brota, og har peikt på behovet for nasjonal og internasjonal straffeforfølgning av dei skuldige, for rettferd for offera og for å etablere ein internasjonal kompensasjonsmekanisme for Ukraina.

Komiteen noterer at den politiske støtta frå Noreg til Ukraina har vore konsistent sidan starten av Russlands aggresjon mot Ukraina. Noreg har konsekvent fordømt dei russiske brota på folkeretten. I Meld. St. 20 (2024–2025), Innsats for demokrati, rettsstat og menneskerettigheter i Europa – Norges arbeid i Europarådet, blei arbeidet med å opprette spesialtribunalet framheva som ein viktig del av arbeidet til Europarådet for å ansvarleggjere Russland, noko som utanriks- og forsvarskomiteen gav si fulle støtte til i Innst. 335 S (2024–2025).

Komiteen meiner til dømes at det er svært negativt at den internasjonale straffedomstolen (ICC) i dag ikkje har jurisdiksjon over aggresjonsbrottsverket som er utøvd ved det russiske åttaket. Føremålet med konvensjonen er å sikre at krav om erstatning for tap og skade som følgje av Russland sitt folkerettsbrot mot Ukraina kan bli behandla på ein effektiv og rettferdig måte. Opprettinga av kravskommisjonen er eit viktig bidrag til arbeidet for å ansvarleggjere Russland og for rettferd og varig fred i Ukraina. Kommisjonen får status som eit sjølvstendig folkerettssubjekt og skal operere innanfor det institusjonelle rammeverket til Europarådet.

Komiteen merkar seg at konvensjonen ikkje medfører behov for endringar i norsk lov eller forskrift og ikkje har direkte påverknad på norske borgarar eller norsk næringsliv.

Komiteen noterer at Ukraina og fleire andre land lenge har tatt til orde for opprettinga av eit eige tribunal for straffeforfølgning av dei ansvarlege for aggresjonsbrottsverket. Det blei konstatert at sjølv om ICC har domsmyndigheit over andre internasjonale brotsverk som er gjort i Ukraina, har ikkje domstolen høve til å straffeforfølgje aggresjonsbrottsverket fordi Russland ikkje har slutta seg til vedtektene til ICC. Dersom det internasjonale samfunnet skal bidra til å ansvarleggjere dei skuldige bak dette brotsverket, må det etablerast eit særskilt organ med nødvendig domsmyndigheit. Konklusjonen var at det ville vere mest føremålstenleg å etablere eit internasjonalt spesialtribunal, og at dette

kunne skje ved avtale mellom Ukraina og Europarådet. Det er planlagt at spesialtribunalet får sete i Haag i Nederland. Europarådet og Ukraina inngjekk på dette grunnlaget den 25. juni 2025 ein avtale om oppretting av eit spesialtribunal for aggresjonen mot Ukraina. Spesialtribunalet har som oppgåve å straffeforfølgje dei ansvarlege for planlegginga og gjennomføringa av aggresjonsbrottsverket mot Ukraina.

Komiteen noterer at Noreg kan inngå avtalen ved å gi ei erklæring om intensjon om å delta og med atterhald om gjennomføring av nødvendige nasjonale prosedyrar. Deretter vil Noreg si deltaking bli stadfesta ved at ein seinare opplyser om at dei nødvendige prosedyrane er gjennomførte. Tilslutning til delavtalen vil innebere folkerettslege forplikningar for Noreg utover eksisterande avtaler med Europarådet og må derfor reknast som ein folkerettsleg bindande avtale. Spesialtribunalet skal utøve funksjonane sine innanfor dei rammene som følgjer av Europarådet sine standardar for respekt for menneskerettane, krav til rettferdig rettargang og internasjonale strafferettslege prinsipp.

Gjennomføring av den utvida delavtalen krev ikkje lovendringar. Vedtektene for spesialtribunalet er ikkje forpliktande for Noreg og krev heller ingen endringar i norsk rett. Tribunalet vil vere avhengig av rettsleg samarbeid med statar og internasjonale organisasjonar på same måte som ICC. Dersom det blir inngått ein samarbeidsavtale som krev lovendringar i norsk rett, vil denne bli lagd fram for Stortinget som eiga sak.

Komiteen gjer merksam på at kravskommisjonen for Ukraina føreset årlege økonomiske bidrag frå medlemsstatane. Sekretariatet til forhandlingskomiteen estimerer at det norske pliktige bidraget vil vere om lag 2 mill. kroner årleg når kommisjonen er i full drift. Dei pliktige bidraga til kommisjonen vil bli dekte over den sivile delen av Nansen-programmet, som etter gjeldande vedtak gjeld fram til 2030.

Tilslutning til den utvida delavtalen om spesialtribunalet for Ukraina inneber plikt til å betale årlege bidrag for å dekkje ein del av dei løpande kostnadene. I eit førebels estimat kan Noreg sin del av kostnadene fyrst bli om lag 4 mill. kroner og deretter om lag 9–10 mill. kroner årleg. Noreg sine kostnader ved tilslutning til den utvida delavtalen er planlagt dekte innanfor rammene av den sivile delen av Nansen-programmet fram til 2030.

Etter utløpet av Nansen-programmet blir dei pliktige bidraga til kravskommisjonen og spesialtribunalet dekte innanfor Utanriksdepartementet sine gjeldande budsjettammer.

## Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen blir fremja av ein samla komité.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I

Stortinget samtykkjer i ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina.

II

Stortinget samtykkjer i inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina.

Oslo, i utanriks- og forsvarskomiteen, den 26. mai 2026

**Peter Frølich**

leiar

**Morten Kolbjørnsen**

ordførar

